



## **Informasjon til aktuelle kandidatar for desentralisert sjukepleiarstudie:**

### **Om opptak:**

Dersom du har studiekompetanse og er motivert for å ta utdanning, har du her høve til å ta del i eit tilrettelagt desentralisert studie i regi av Høgskulen på Vestlandet (HVL) i samarbeid med kommunen din og Sogn regionråd. Studiet gir offentlig godkjenning som sjukepleiar etter 4 år.

Dersom du ikkje har studiekompetanse, får du høve til å forbetre karakterar for å få studiekompetanse gjennom privatistordninga. Kommunen/Sogn regionråd vil vere delaktig i tilrettelegging av privatistordning.

Krava for å bli teken opp som student er følgjande (oppdatert frå HVL pr januar 2020) :

### **Minimumskrav til kandidatane**

[Generell studiekompetanse](#) eller [realkompetanse](#) (må vere minst 25 år og ha dokumentert relevant realkompetanse innanfor helse- og omsorgsrelatert arbeid).

I tillegg er det krav om gjennomsnittskarakter 3 eller betre i norsk (393 timar, hovudmål, sidemål og munnleg), og gjennomsnittskarakter 3 eller betre i matematikk (224 timar). Dette opptakskrava gjeld for alle søkjarar.

Dei nye krava om minimum timetal i norsk og matematikk fører til at mange søkjarar som har utdanning frå nokre år tilbake i tid (eksempelvis fagarbeidarar og hjelpepleiarar), ikkje vil vere kvalifiserte. Dei må melde seg opp til privatisteksamen for å kvalifisere seg.

For å sjekke om søkjarar tilfredsstillar timetalet i opptakskravet, kan ein gå inn på Samordna opptak: <https://www.samordnaopptak.no/info/opptak/generell-studiekompetanse/3-aarig-vgs/index.html>

Her kan ein eksemplvis klikke seg vidare inn på [Yrkesfag med påbygg](#) og sjå kor mange timar ein har hatt i dei ulike faga, avhengig av kor tid ein tok utdanninga.

### **Søkjarar med utanlandsk sjukepleieutdanning**

Desse arbeidstakarane vil kunne få eit spesialtilpassa opplegg. Dei må ha søkt om autorisasjon og fått avslag og dekke minimumskrava for opptak. Informasjon om korleis ein dekkjer krava med utanlandsk utdanning finn du her: [https://www.samordnaopptak.no/info/utenlandsk\\_utdanning/](https://www.samordnaopptak.no/info/utenlandsk_utdanning/)

HVL skal etter planen lyse ut 14 studieplassar for søkjarar med utanlandsk utdanning frå hausten 2020. Utdanninga blir på deltid og vil gå over to år.

Her finn ein liste over krav for potensielle søkarar frå ulike land., Krav til generell studiekompetanse for søkjarar med utanlandsk utdanning.:

[https://www.nokut.no/globalassets/nokut/artikkelbibliotek/utenlandsk\\_utdanning/gsulista/2019/gsu\\_listen\\_norsk\\_15.11.2019.pdf](https://www.nokut.no/globalassets/nokut/artikkelbibliotek/utenlandsk_utdanning/gsulista/2019/gsu_listen_norsk_15.11.2019.pdf)

Høgskulen på Vestlandet kjem med meir informasjon om sjølve studiet frå 2021. Inntil vidare kan du finne informasjon her: <https://www.hvl.no/studier/studieprogram/2020h/bsykdes/>

For Sogn regionråd

Helge Ulvestad, prosjektleiar